

# Møtereferat

**Til:** Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

**Til stede:** Grete Müller, Gunnar Ekeland, Elisabet B. Salte, Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Henrik Aasved, Kristoffer Skjolden, Charlotta Schaefer (sekretær).

**Forfall:** Linn Bæra, Karl Olaf Sundfør, Jostein Bildøy

**Møteleiar:** Grete Müller

**Møtedato:** 29.08.2017


**Klokkeslett:** 09.00-12.00

**Møtenr:** 6/17

**Møtestad:** Scandic Ørnen Bergen

**Arkivref:** -

Saksnr.	Emne	Ansvarleg
53/17	Saksliste blei godkjent utan kommentarar.	Nestleiar
54/17	Møtereferat frå RBU-møte 14.06.17 blei godkjent. <ul style="list-style-type: none"> <li>Elisabeth visar til at det er viktig å følge opp Nasjonal AMK sak 47/17, der RBU planlegg å skrive om sin uro til styret. RBU ønskjer å melde det inn som sak til fellesmøte med styret den 2. oktober og til IR-RBU møte i Bodø. Elisabeth lager en kort oppsummering/melding som RBU kan bruka innfør styremøtet.</li> <li>Det blir presisert at det er viktig at det blir nemnt opp <u>to</u> brukarrepresentantar til kvart prosjekt og arbeidsgrupper.</li> </ul>	Nestleiar Grete Müller
55/17	<b>Deltaking i arbeidsgrupper:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Brukarrepresentant til «Vel heim» prosjekta. Førespurnaden er retta direkte til Linn og må handsamas via e-post då Linn ikkje er til stads.</li> <li>Implementering av pakkeforløp for rus psykiske lidingar – Karl Olaf Sundfør og Anbjørg Hellestræ blir foreslått. Charlotta spør dem via e-post.</li> </ul>	Nestleiar
56/17	<b>Invitasjonar til RBU</b> Henrik deltek frå RBU på nettverksmøte KOLS i Bergen 26.09.2017.  - Helse Vest forskingskonferansen er den 26.-27. oktober på Solstrand utenfor Bergen. Deltaking frå RBU kan meldast til Linn Bæra.	Nestleiar
57/17	<b>Høyringar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>RBU er invitert inn i høyringa om pakkeforløp for rus og psykiske lidingar. Frist for å svare er 14. sept. RBU støtter utviklinga av pakkeforløp og vil</li> </ul>	Nestleiar

	<p>utarbeida høyringsvar. Det blir foreslått at kanskje Karl Olaf og Annbjørg kan skrive eit svar for RBU, om dei takker ja til deltaking i implementeringsgruppa. Henrik har erfaring fra implementering av pakkeforløp og kan være en støtteperson.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Høyringsvar til plan for revmatologi i Helse Vest blei sendt i juni. Grete orienterer om svaret som blei sendt. Njål Idsø og Johan Sørensen deltok i arbeida med RBU sitt høyringsvar. Behandling av revmatisme har blitt endra dei siste åra. Kortare døgnopphald. Pasientopplæringa for dei med revmatisme er ikkje god nok. RBU meinte det er skuffande at erfaringskompetansen ikkje blitt tatt til etterretning i planarbeidet.</li> </ul>	
58/17	<p><b>Regional plan laboratorietenester</b>  Gjertrud Jacobsen presenterte plan for laboratorietenester i Helse Vest.  Planen har seks overordna mål:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sikra fagleg kvalitet</li> <li>2. Sikre tilfredsstillande laboratoriekapasitet for innbyggjarane i Helse Vest</li> <li>3. Sikre bærekraftig fagmiljø</li> <li>4. Sikre at laboratoria vert regionens føretrekte leverandør av laboratorietenester.</li> <li>5. Sikre beredskap</li> <li>6. Sikre effektiv arbeidsflyt og god ressursutnytting.</li> </ol>	 <p>Presentasjon labplan brukarutvalet aug 20.</p>
59/17	<p><b>Planlegging av fellesmøte med styret den 2. oktober.</b>  RBU ønskjer dialog med styret, ikkje kun presentasjon. Saker skal lagast i ein slik form som invitera til diskusjon.</p> <p>Etter fellesmøte med styret vil RBU bruka tida til eget RBU-møtet i eit lokal på hotellet. Charlotta bestiller konferanserom på Scandic Air Sola, der styremøte går av stad.</p> <p>Forslag til saker å ta opp med styret:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nasjonal AMK prosjektet – kva skjer vidare? Dialog rundt prosessen.</li> <li>- Reell brukarmedverknad. Korleis fungerer det? Korleis engasjere brukarrepresentantar i planer og prosjekt, utan at det blir skyggespel.</li> <li>- Pasientregistrerte data. Henrik skriver et notat.</li> <li>- Erfaringer med pakkeforløp.</li> <li>- Samhandling med kommuner. Korleis arbeider Helse Vest med samhandling.</li> <li>- Kreftbehandling</li> </ul>	Nestleiar

	<p>- Samval</p> <p>Det blir ikkje konkretisert kva tema som blir valt, men RBU meinte det er nok med 2 eller 3 tema. Må bli enig innan 14. september. Saka blir vidare handsama over e-post.</p>	
EVT	<p>Henrik tar opp undring kvifor brukarrepresentanten har observatørstatus i Samarbeidsorganet. Det står i instruksjonen frå Helse- og omsorgsdepartementet at forskingsrådet og brukarrepresentanten har observatørstatus i samarbeidsorganet. RBU meinte dette ikkje kan kallas reell brukarmedverknad og vil formidle dette til Helse Vest.</p>	

Neste RBU-møte er den **2. oktober på Clarion Air Sola**. Tidspunkt blir sendt ut per e-post.